

# Studiekvalitetsmelding 2024/2025



## Det humanistiske fakultet



# Studiekvalitetsmelding frå Det humanistiske fakultet 2024/2025

Studiekvalitetsmeldinga er utarbeidd på bakgrunn av meldingar frå alle institutt og senter, samt dialogmøte med einingane i april og mai 2025.

## Oppfølging av studiekvalitetsmeldinga frå 2023

### *Status for bachelorprogrammet i arabisk språk med Midtaustens historie*

Bachelorprogrammet i arabisk mista akkrediteringa 2022, og programstyret og instituttet har i 2023 og 2024 arbeidd med redesign av programmet. Redesignprosessen har ikkje berre retta opp manglane som var årsak til at programmet mista reakkrediteringa, men har òg gitt programmet ei ny innretning og struktur. Med fellesemne, tilrettelagd utvekslingsopplegg og ein tydeleggjort relevans, er programmet eit godt døme på korleis den nye studieporteføljen ved HF er tenkt.

Studiekvalitetskomiteen fekk i 2024 det nye programmet til vurdering, og etter tilråding frå komiteen fekk programmet attende akkrediteringa etter vedtak i fakultetsstyret våren 2025. Med nytt namn og tydeleg tverrfagleg og relevant profil, vart det nye bachelorprogrammet i arabisk språk med Midtaustens historie eit av HF-programma med flest søkerar i opptaket våren 2025.

### *Positiv utvikling Studiebarometeret*

Etter gode resultat i studiebarometeret 2023, kunne HF våren 2024 konstatere ei ytterlegare betring i 2024. At HF-program er blant programma med best skår på undervisningskvalitet på UiB, er svært motiverande i arbeidet med omlegging av porteføljen. Vi ser resultata som eit teikn på at kvaliteten på studietilbodet ved HF er svært godt, men treng ei ny innpakking og samansetting for å tydeleggjere relevans og innhald.

## Hovudpunkt frå dialogmøta med institutt og senter

Fakultetsleiinga har hatt dialogmøte med alle einingar om studiekvalitet. Hovudtema for møta var institutta sitt arbeid med Studieporteføljeprosjektet og innsats for å betre gjennomføring og motverke fråfall. Det nye årshjulet for studiekvalitetssystemet gjorde at dialogmøta vart avvikla før meldingane frå einingane vart sendt inn. Moment frå dialogmøta kunne difor inkluderast og utdjupast i meldingane, noko vi ser som ein positiv konsekvens av det nye systemet.

## Gjennomførte og planlagde emne- og programevalueringar

Åtte studieprogram har i 2024/25 utarbeidd 5-årige programevalueringssrapportar. Rapportane er skrivne i den nye malen for programevalueringar, som ved rapporteringsstart låg ferdig, sjølv om den ikkje formelt var innført. Den nye malen er eit verktøy for å fremme utviklingsarbeid i programma heller enn å stille krav for rapportering, og i ein fase der programma ved HF er i ein omleggingsprosess, såg fakultetet den nye malen som ein nyttig reiskap for fagmiljøa. Den nye malen har mange positive sider, men ved første gongs bruk vart det gjort nokre erfaringar som kan vere nyttige for andre fakultetet å notere seg. Ved HF vil vi før neste runde informere betre om føremålet med nye malen, slik at potensialet i større grad kan bli utnytta. Vi viser til rapporten frå studiekvalitetskomiteen for detaljar. To programevalueringar vart i denne omgang vurdert til

ikkje å vere fyldige nok til å leggje grunnlag for reakkreditering. Dei skal levere ny rapport neste år. Rapporten frå HF sin studiekvalitetskomité vart vedteke i Fakultetsstyret 17.06.25 ([sak 65/25](#)).

Fakultetet har eitt år igjen av tidsplanen for 5-årige programevalueringar, og vil i den neste evalueringssplanen gå over til 6-årig syklus i tråd med det nye kvalitetssystemet. Det er ein fordel at ein med lengre rapporteringssyklus kan evaluere færre program om gongen.

### **Strategiske planar for den faglege porteføljen ved fakultetet**

Fakultetsstyret ved HF vedtok sluttrapporten for Studieporteføljeprosjektet 10.09.24 ([sak 52/24](#)), og fagmiljø og administrasjon ved fakultetet og institutta er godt i gang med å innføre dei ulike tiltaka som dette vedtaket forpliktar programma til. Medan fellesemne og emnepakkar skal tilbydast først frå hausten 2026, er allereie ei ny, utvida mentorordning og eit nytt, felles innføringsemne implementert hausten 2025. Innføringsemnet LES100 *Les og skriv* skal gi ei innføring i akademisk lesing og skriving og bruk av kunstig intelligens. Hausten 2025 blir ein overgangsfase, men frå hausten 2026 skal alle nye bachelorstudentar ta dette emnet, og det skal vere knytt til studentane sitt spesialiseringssfag gjennom både pensumtekstar og undervisingskrefter.

Opprettninga av eit FPØ-program som kombinerer filosofi, politikk og økonomi, har høg prioritet ved HF, men det har ikkje lukkast å få på plass eit tverrfagleg samarbeid i 2024. Dette arbeidet vil halde fram i 2025, og det kan vere aktuelt å sjå på mellombelse løysingar for å synleggjere FPØ-profilen innanfor rammene av den nye studieporteføljen.

Det er kome initiativ for opprettning av ein erfaringsbasert master innanfor feltet *Undervisning i kontroversielle tema*. Dette feltet er høgaktuelt og svært interessant for lærarar som ønskjer å ta mastergrad. Initiativet har sitt utspring i arbeidet til den tverrfaglege [forskningsgruppa med same namn](#), som i 2024 dessutan fekk HF sin pris for utdanningskvalitet, Spurveugleprisen, for sitt arbeid for å utvikle kvalitet og relevans i lektorutdanninga ved UiB. Fakultetet er i gang med å leggje ein prosess for opprettninga av det føreslårte erfaringsbaserte masterprogrammet.

Generelt må HF arbeide strategisk for å utarbeide nye tilbod basert på kjerneområde i den eksisterande kompetansen på fakultetet retta mot studentgrupper vi ikkje når ut til i dag. Det kan vere aktuelt å arbeide for opprettning av eit honours-program som kombinerer språk og kulturfag med eventuelle andre kompetanseområde. Dette arbeidet må skje i lys av den eksisterande ressurssituasjonen og i samråd med dei tilsette i dei aktuelle kompetanseområda.

HF utvikla i 2024/25 ein handlingsplan for EVU, som vart vedteke i Fakultetsstyret 06.05.25 ([sak 46/25](#)). Handlingsplanen skal gjere EVU-verksemda ved fakultetet meir heilskapleg, dei økonomiske tilhøva meir transparente og dei administrative rammene for EVU-tilbodet meir straumlinjeforma. Planen er eit stort skritt mot ei meir strategisk EVU-verksemd ved HF, som blant anna vil danne grunnlag for nye løysingar etter bortfallet av KFK. Skoleverket vil framleis vere HF si primære målgruppe for EVU-tilbod.

Ein tydeleg EVU-handlingsplan skal støtte opp om fakultetet sin strategiske målsetting om å styrke porteføljen av etter- og vidareutdanning på ein måte som er økonomisk berekraftig. Slik vil det bli

mogleg for institutta å møte den gode etterspurnaden etter EVU i humanistiske fag med fagleg solide, langsiktige og berekraftige tilbod.

### **Endringar og prioriteringar innan utdanning og læringsmiljø**

Rekruttering og gjennomføring er høgt på agendaen ved HF. Annonsering og kampanjar har høg prioritet, og det går føre seg aktivt rekrutteringsarbeid direkte mot vidaregåande skular. Det er òg sett inn tiltak for at søkerar skal ta imot tilboden på master, og for at dei som har takka ja til grunnstudiar skal møte ved semesterstart. Den nye, utvida eittårige mentorordninga som trer i kraft frå 2025 legg stor vekt på å skape ei trygg tilhøyrslle for studentane, og etablere dei som fagstudentar etter første studieår. Det vert lagt ned mykje ressursar i å få til ein inkluderande og trygg semesterstart.

Eitt ledd i ein god semesterstart i 2024 var gjennomføring av leseprosjektet «Humanistar les.» Dette prosjektet, inspirert av UiO sitt «Hele HF leser.», inviterer alle nye studentar til å lese ei bok saman. Romanen i 2024 var *Chiquitita* av Pedro Carmona-Alvarez, og boka blei delt ut gratis til alle nye HF-studentar. Det blei arrangert bokbad, forfattarmøte, panelsamtale og lesekaféar i løpet av august og september 2024. Leseprosjektet skal markere starten på eit tilvære som humaniorastudent, og skal synleggjere viktigheita av lesing. Prosjektet er tenkt som eit årleg prosjekt, og hausten 2025 er ei ny runde i gang med ein ny roman, *Vi er brødrene Eikemo* av Marit Eikemo.

Det fysiske læringsmiljøet er viktig for trivsel og gjennomføring, og i 2024 fekk HF-bygget installert nye sitjegrupper i fellesareala. Desse vart frå første stund populære møte- og arbeidsplassar både for studentar og tilsette, og har gitt meir liv i bygget. I den eine fløyen på Sydneshaugen vil det til jul 2025 stå ferdig eit nytt fleirbruksareal for studentane. Dette arealet vil legge til rette for både faglege og sosiale aktivitetar og vil gjere Sydneshaugen skole til eit samlande bygg for alle HF-studentar. Det vil òg kome på plass nye lesebåsar i gangane på Sydneshaugen skole, nøyde tilpassa dei historiske og verneverdige korridorane. Arbeidet med dette rommet er i tett samarbeid med studentane, som er involverte i alt frå romstruktur til designinnspel. Studentrepresentantane har vore trekt inn i dette arbeidet som viktige representantar i referansegrupper for utbetringa av det fysiske læringsmiljøet.

### **Gjennomføring, yrkesrelevans og kobling mellom forsking og undervisning**

Som ledd i Studieporteføljeprosjektet vart det oppretta ein task force for betre gjennomføring på studieprogramma ved HF. Denne gruppa kom fram til ei rekke tiltak som er under realisering og innføring. På kort sikt (2025) inneber tiltaka kompetanseheving i teambasert læring, oppretting av ein ressursbank for gode tiltak for gjennomføring og oppstartssamlingar i andre semester. På litt lengre sikt (2026) skal fakultetet jobbe med emnesidene i Mitt UiB og etablere ei tydeleg forståing av kva rolla som emneansvarleg inneber og korleis emneansvarleg kan nytte sin posisjon for å skape ein kultur for fullføring. Praksis med obligatorisk oppmøte og obligatoriske aktivitetar skal òg gjennomgåast for å sikre at den tener føremålet. I tillegg til desse kort- og mellomlangsiktige tiltaka, skal den nye strukturen i studieporteføljen sikre betre vilkår for gjennomføring.

Relevans i HF sine studieprogram har vore sentralt i arbeidet med studieporteføljeprosjektet. Gjennom emnepakkar skal programma tilby emnesamansettingar som viser programmet sin relevans i kopling mot andre fagfelt. Det blir arbeidd målretta for å leggje til rette for utvikling av emnepakke-samarbeid på tvers av fagmiljøa, og det skjer mykje godt arbeid på dei ulike einingane. Dei første emnepakkane skal opprettast i 2026, og bli tilbydt i 2027.

Sjølv om arbeidet med yrkesrelevans i stor grad handlar om å synleggjere relevans som allereie ligg i dei humanistiske utdanningane – gjerne med enkle grep som karrieredagar med besøk frå aktuelle arbeidsplassar – er emne med innlagt arbeidspraksis eit godt verktøy for å tydeleggjere denne relevansen. Det er stadig nye emne som inneheld slik praksis, og det nyaste tilskotet er emnet KVIK112: *Likestilling og mangfold med arbeidspraksis*. Frå 2026 vil òg allmenn litteraturvitenskap tilby praksisemne. Den nye studieporteføljen opnar for å leggje inn emnepakkar med tydeleg praksisretta emne og dermed tydeleggjere yrkesrelevans på ein meir konkret måte enn det har vore mogleg til no. Praksisemne legg i tillegg til rette for gode relasjonar mellom fagmiljøa og potensielle avtakarar, og det finst mange døme på studentar som har fått jobb i ein verksemd der dei har vore i praksis.

Nokre av faga ved HF har rutinar for alumnikontakt, òg i samarbeid med eksterne aktørar (til dømes Den tyske ambassade). Eit meir heilskapleg alumniapparat, gjerne på UiB-nivå, er ønskjeleg, men krevjande å få på plass.

I studiekvalitetsmeldinga for 2023 skreiv HF om behovet for tekniske løysingar som opnar for emne med varierande tematisk innhald, som vi ser på som stadig meir aktuelt og ein svært god måte å kople forsking og undervisning på. Dette tekniske behovet er framleis der, òg i tilknyting til arbeidet med emnepakkar. Emne som spring direkte ut av aktiviteten i forskargrupper er ettertrakta og har høg kvalitet, men har ikkje alltid ein like lang horisont som meir grunnleggjande kjerneemne.

Fakultetet sitt grunnleggjande prinsipp om at all undervisning skal vere forskingsbasert, føreset at undervisarar på emna har forskingskompetanse. Dette er det brei forståing for ved einingane. Men med frikjøp av tilsette i faste stillingar til større forskingsprosjekt og innleige av vikarar til undervisninga, blir dette prinsippet utfordra. Fakultetet har gjort innskjerpingar i frikjøpsreglementet for å motverke dette, og har òg gjort ei kartlegging av bruk av mellombels tilsette i undervisninga, noko som har vist seg å gi eit svært nyttig bilet av situasjonen og eit godt utgangspunkt for målretta oppfølging.

### Kompetanseutvikling knytt til KI

HF har ikkje utarbeidd eigne retningsliner for bruk av KI, men KI er på dagsorden i dei fleste samanhengar. På kort tid er KI blitt eit viktig moment i undervisinga, i studentanes eigenlæring, i vurdering og i det administrative arbeidet. HF oppmodar og legg til rette for at dei tilsette følgjer med på utviklinga og nyttar seg av alt tilbod som UiB sentralt har av kompetanseheving på feltet. Det vert òg lagt opp til intern erfaringsdeling og opplæring.

HF har lagt stor vekt på god handsaming av mistenkt fusk knytt til KI, og fakultetet har tatt imot svært mange saker med mistenkt fusk i eksamenssvar frå institutta. I den samanheng blei klagenemnda invitert til seminar med alle einingane ved fakultetet for å skape ei felles forståing og praksis. Alle institutt og senter melder om at KI påverkar utdanningsverksemda, og at den raske utviklinga er krevjande. Handtering av feil bruk av KI krev ressursar, og retningsliner er etterspurd

men vanskeleg å samkøyre på tvers av fag. Samstundes vert KI i større og større grad tatt inn i undervisninga, og eitt av faga melder at dei i 2024/25 tok imot den første masteroppgåva der KI bevisst er brukt. Skriving og lesing blir uvegerleg påverka av KI, og i det nye felles innføringssemnet LES100 blir nettopp dette tematisert. Det er òg gjort fleire tiltak av ulik type for å styrke studentane sine evner til å lese, mellom anna «shut up and read» for masterstudentar og «Humanistar les» (sjå side 3) for alle nye studentar. Tanken er at evne til fokusert lesing kan fungere som eit verktøy mot feil bruk av KI og eit middel for å tydeleggjere verdien av å lese og skrive på eigehand, slik SVT skriv i si studiekvalitetsmelding. Det nye felles innføringssemnet LES100 skal gi studentar ei innføring i KI-verktøy. Emnet skal òg lære studentar om fordelane og ulempene ved bruk av KI, og gjøre dei i stand til å ta gode og reflekterte val i ansvarleg bruk av KI som eit læringsverktøy. Når bruken av KI blir introdusert for studentane i første semester, er det viktig at temaet blir plukka opp igjen seinare i studieløpet, slik at studentane har eit aktivt og kritisk blikk til bruken av KI òg utover første semester.

### **Internasjonalisering**

Det humanistiske fakultetet prioriterer inn- og utgåande studentutveksling, og ser mange både faglege og studiekvalitetsmessige fordelar her. Internasjonalt perspektiv og internasjonal erfaring er verdifulle tilskot til utdanninga. Strukturen i studieprogramma tilrettelegg tydeleg for utveksling, og fokuset på internasjonalisering av studia held fram sjølv om dei økonomiske incentiva ikkje er like sterke som tidlegare. Lektorpraksis i utlandet og deltaking i CHARM-masteren i berekraft er to konkrete eksempel på internasjonalisering av studia i tillegg til tradisjonell studentutveksling.

Deltakinga i CHARM EU-fellesgraden i berekraft (Masters in global challenges for sustainability) er fagleg plassert på Senter for vitskapsteori. Det er arbeidd med utvikling av emne som skal inn i programmet, og vitskapleg tilsette har gått inn i ulike råd og utval i mastergraden sin omfattande organisasjon. Det er liten tvil om at programmet held svært høg fagleg kvalitet og har stort potensial for rekruttering. For HF er det likevel sentralt å få på plass tydelegare rammer for UiB si deltaking i programmet, både når det gjeld ressursmessige tilhøve og fagleg og administrativ posisjon og myndighet. Dette er viktig for å sikre det faglege utviklingsarbeidet og eit godt studentmottak. Det humanistiske fakultet ser fram til godt samarbeid med Studieavdelinga om dette i tida framover.

### **Lektorutdanninga i ein overgangsfase**

Lektorutdanninga gjennomgjekk ein redesignprosess og blei implementert i ein ny modell hausten 2024. Føremålet var å skape ein meir tydeleg veg gjennom studiet og unngå konfliktar mellom campusbaserte undervisningsaktivitetar og praksis. Samstundes har omlegginga medført krav om dublering av undervisning som har konsekvensar med tanke på undervisningsressursar. Fakultetet har mottatt midlar som skal kompensere for auka bruk av ressursar i ein overgangsfase.

Lærarutdanningane har på nasjonalt nivå hatt utfordringar med å rekruttere nye studentar. Denne tendensen ser vi også på HF. Samstundes ser vi teikn til positive endringar når det gjeld gjennomføring. Universitetet i Bergen markerte 20 år med integrert lektorutdanning med ein eigen konferanse november 2024 der ein fokuserte på dei strategiske utfordringane med å drive ei akademisk profesjonsutdanning i skjeringspunktet mellom fag, profesjon og praksis. Dei 20 åra med integrert lektorutdanning har vist at strukturerte profesjonsutdanninger gir rom for å utdanne fagleg sterke kandidatar til skulen. Samstundes har lektorkandidatane også vist seg å vere konkurransedyktige med tanke på vidare karriereløp gjennom forskarutdanning og ph.d.

Parallelt med innarbeidingsa av den integrerte lektorutdanninga har ein sett at tala på studentar i den praktisk-pedagogiske utdanninga har peika nedover. Dei erfaringsbaserte masterprogramma i engelsk og nordisk har også i noko ulik grad utfordringar med tanke på rekruttering. På nasjonalt nivå har det blitt innført ein eittåring PPU-master som legg til rette for å samkøyre disciplinfagleg master og praktisk-pedagogisk utdanning på to år. Ei slik ordning har også blitt innført på NT-fakultetet ved UiB, men det føreligg ikkje konkrete planar for innføring på HF. Initiativ om PPU på deltid er også under utgreiing, men heller ikkje her føreligg det konkrete planar i lys av den heilskaplege strategien og ressurssituasjonen for HF.